

# SMITTE, STRAFF OG DILEMMA


**Er det rett å sperre nokon inne fordi dei har ein sjukdom? Skal personar med smittsame sjukdommar ha rett til å smitte andre?**

Vi kallar dette "det evige dilemmaet" innan folkehelse. Dilemmaet skjer når samfunnet blir råka av smittsame sjukdommar. På den eine sida står individet som vil ha fridom til å leve som ho eller han vil. På den andre sida står fellesskapet – samfunnet sitt behov for vern. Vi ønsker jo ikkje at sjukdom skal spreie seg.

Ein av de første som sette ord på dette dilemmaet var bergenslegen Gerhard Armauer Hansen. Han starta som lepralege på slutten av 1860-talet, og vart overtydd om at teorien om at sjukdommen var arveleg var feil. Lepra var ein smittsam sjukdom, meinte Armauer Hansen. I 1873 oppdaga han leprabasillen, sjukdomen sitt smittestoff. Sidan sjukdommen hadde smittestoff, så måtte den altså vere smittsam. Sidan det ikkje fanst medisinar, så var den einaste løysinga å hindre dei som allereie var sjuke i å smitte andre.

### Lepralovene

I 1877 og 1885 vedtok Stortinget egne lepralover, etter initiativ frå nettopp Armauer Hansen. Lovene påla den enkelte sjuke å la seg isolere, enten heime eller på institusjon. Dersom nokon braut reglane og utsette andre for smitte, kunne dei sendast i isolasjon ved tvang. Sidan det ikkje fanst ein kur mot lepra, så var dette ofte einstyddande med livslang innesperring. Armauer Hansen



Leprapasient i Bergen, 1947.

Foto: UiB

argumenterte etter kvart for at også andre land burde vedta tilsvarende lepralover.

*"Ein sjuk person har både rettar og plikter. Den mest heilage plikt er å ikkje utsette sine medmenneske for fare. Dei friske har også menneskerettar, og dette inkluderar openbert retten til å verne seg mot sjukdom. Heldigvis er dei friske i fleirtal, og det ville vere tåpeleg å gjere fleirtalet til eit mindretall. (...) Eg finn det meir humant å verne folk mot spedalsksjuka enn å gje dei spedalske rettar og høve til å spreie sjukdommen sin. Eg er ikkje i tvil om at vi gjer menneskeætta ei stor teneste om vi kunne stogge spreinga av sjukdommen, og det er faktisk fullt mogleg."* Dette sa Armauer Hansen under den første internasjonale leprakongressen i Berlin i 1879.

Ei rekkje land tok råda til seg og laga sine egne lepralover. Enkelte av lovene eksisterer framleis – sjølv om vi har hatt gode medisinar sidan 1940-talet.

## **Covid-19**

Under Covid-19-pandemien som råka i 2020 kom dilemmaet til overflata på nytt. Noreg gjekk gjennom nedstenging, krav om heimekontor, stengde skular og avgrensing på kor mange som kunne gå på besøk til kvarandre – nettopp for å hindre folk i å smitte andre. I tillegg var det sterke avgrensingar for reiser, både til hytta og til utlandet. Tanken var å halde talet på sjuke så lågt som mogleg medan ein venta på at forskarane skulle finne opp ein vaksine og ein kur. Sjølv etter at tida med nedstenging var slutt, måtte dei som vart sjuke halde seg heime for å hindre smitta i å spreie seg til andre.

Ikkje alle var enige om at dette var rett. Tiltaka hadde også kostnader. Ein lærer ikkje like mykje frå heimeskule med eigen pc som når ein kan møtast fysisk i eit klasserom. Kvifor skal ein ikkje få reise på si eiga hytte, når ein er like isolert der som heime? Er det rett at staten skal få bestemme kor mange gjestar du har på besøk?



**Slik budde dei som levde sine liv på St. Jørgens hospital i Bergen. Foto: UiB**

Covid-19 var ein annan sjukdom enn lepra. Sjukdommen var mykje meir smittsam, og for dei yngste var det særst gode sjansar for at dei vart friske etter berre nokre dagar. Sjølv om det kjendest lenge, visste vi at tiltaka ikkje ville vare evig. For lepra var innesperringa livsvarig. Sjukdommen i seg sjølv var ikkje spesielt smittsam, men konsekvensane av smitta vart sett på som så alvorlege at livsvarig innesperring var einaste løysing.

**TEKST: Magnus Vollset, førsteamanuensis i medisinhistorie og vitskapshistorie ved Det medisinske fakultet, UiB**



**Under koronapandemien var det mange som måtte isolere seg, ofte over lang tid. Foto: Canva**



## SPØRSMÅL TIL DRØFTING:

- Kor langt er det rett å gå for å hindre smitte av alvorlege sjukdommar?
- Kva type tiltak kan vere naudsynte?
- Bør det være ulike reglar for ulike sjukdommar, avhengig av kor alvorlege og kor smittsame dei er?
- Bør vi endre reglane dersom vi får vaksiner eller medisinar?